

B-GJENGEN

BJORHAUG
BARNEHAGE

2017/2018

Postadresse:
Gudmestadvegen 24
4365 NÆRBØ

Internett:
post.bjorhaug.barnehage@ha.kommune.no

Telefon:
51 43 22 91

Organisasjonsnr:
994 454 420

Datoar:

Me har i år 2017/2018 begynt med eit opplegg for 5 åringane. Me ynskjer å ta dei med meir ut i naturen og ta førskuleopplegget, som tidlegare har våre inne i barnehagen, med ut. Me har endra profil på skuleklubben og den heiter nå «B-gjengen». Dette fordi siste året i barnehagen ikkje skal bli eit vente-år til skulen. Me har temaet «Naturen som leikeplass» og det overordna temaet «Barn og Psykisk helse». Me ynskjer å oppnå at alle barne vert inkludert i læring, undring og utforskning på ein ny spennande måte og dette vil me oppnå med å bruke naturen aktivt. Me kjem til å ta med oss lavoen ved behov. Denne vil fungere som ein base for 5 åringane. Me tar med oss stormkjøkken og lagar spennande mat med barna. På denne måten kan dei verte kjent med kropp, helse og sunn ernæring. Me har opplegg fordelt på 8 gonger og målet er å vere innom dei ulike fagområda i rammeplanen og gje barna ein god overgang til skulen.

Hovudmål:

«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskaper som bidrar til meiningsfult samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennas, stimulerast og leggas til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring»
(Rammeplanen, 2017, s.22).

Konkret for B-gjengen:

- Undring og utforskning.
- Læring gjennom kroppsleg mestring og sansane.
- Naturen som læringsarena.
- Delta i eit demokratisk fellesskap.
- Bidra i eigen og andre si læring gjennom å utvide perspektiv og få ny innsikt.

Innhald:

Samling:	Dato:	Tema:
1.	31.08.17	Vitenfabrikken
2.	22.09.17	Oppdagelsesferd Mengde
3.	20.10.17	Oppdagelsesferd Bærekraftig utvikling
4.	10.11.17	Oppdagelsesferd Avstand
5.	08.12.17	Oppdagelsesferd Former
6.	19.01.17	Oppdagelsesferd forteljingar
7.	08.02.17	Oppdagelsesferd Bokstavjakt
8.	23.03.17	Oppdagelsesferd Undring

Samlingane 9-11.15:

Gjennomgang av dagen med piktogram (15 min)

Opplegg ut ifrå temaområde (1 time)

Samling (ca. 30 min)

Mat (ca. 30 min)

Takk for i dag.

1. Tur til **Vitenmuseet**, Sandnes i regi av Rogabarn.
2. **Oppdagelsesferd mengde:** Kjenner på tyngde, undras saman, finner ulike ting i naturen til å veie. Vekt vert lånt på Jærmuseet.
3. **Oppdagelsesferd bærekraftig utvikling:** Ut i naturen å sjå om det er noko som ikkje høyrer til der, ta dette med opp til pytten, gjenvinning som tema.
4. **Oppdagelsesferd Avstand:** Måle avstandar ute. Først tippe, så måle. Lange og korte avstandar. Målehjul vert lånt på kommunehuset.
5. **Oppdagelsesferd Former:** Me går på leit etter ulike former i naturen. Me samtaler og undrar oss over formene. Me samlar former og lager eit «formbilete»
6. **Oppdagelsesferd forteljingar:** Me finn ting i naturen som me lager forteljing av, forteljinga kjem til etterkvart som me går. Barna deltar aktivt, vaksen er «forfattar» og skriv ned forteljinga.
7. **Oppdagelsesferd Bokstav:** Kvifor nokre bokstavar finn me i nærmiljøet, butikken eller biblioteket?! Kan me finne vår eigen? Kan me finne nokre andre sine? Me teiknar bokstavar i ulike material.
8. **Oppdagelsesferd Undring:** Kva skjer i naturen og kvifor? Eks. fotosyntese, insekt ol. Utstyr vert lånt på Jærmuseet.